

Anonym (Innlevert 30.03.2023)

Det er eit paradoks at hovudformålet med å opprette nasjonalparken var vern av naturen og villreinstamma, medan nettopp tildelinga av denne statusen fører til mykje meir merksemd og "kommersiell" turisme, der mange besökande kjem langvegs frå. Alle tiltak som kan avgrense mengda folk i området er av det gode. Da må ein ta ein del upopulære grep, lokalt og nasjonalt.

- 1) Moskusen bør vekk frå området, iallfall på lang sikt. Det er ein innført art som først og fremst er trekkplaster for turistar, dernest er den i konkurranse med, og til forstyrring for reinen. Stamma slit også med sjukdom og dårlig dyrevelferd. Eigentleg er det absurd at ein innført framandart har fått status som symbol for dette fjellområdet. Omsynet til villreinen bør telja langt meir enn omsynet til symbolverdien til ein innført art.
- 2) Inatur og andre aktørar må slutte med offensiv reklame for å få folk til å bruke området, enten det er for turar, fiske, jakt eller leige av fjellstyrebuar etc.
- 3) Drifta ved turisthytta Snøheim bør leggast ned.
- 4) Teltforbod nær trekkruter i reinsjakta er fornuftig.
- 5) At det nå foregår kommersielt utleige av fjellstyrebuar er også paradoksalt. Desse vart opphavleg sett opp før å legge til rette for fjellfiske og bærekraftig hausting av fiskeressursane. Nå blir buene annonsert i vilden sky gjennom ulike kanalar på nettet. Bodskapen er gjerne «Kom til oss og opplev urørt natur! Her møter du ikkje mange andre!» med flotte bilde som trekkplaster og det er berre nokre tastetrykk som skal til for å reservere ei bu for kven som helst. Konsekvensen av massiv marknadsføring gjennom inatur og tilhøyrande kanalar både i sosiale media og elles er at buene nå er mykje meir brukte enn tidlegare. Men brukarane er i stor grad utanbygds frå, og dei fleste som overnattar i buene er fjellturistar på gjennomfart. Svært få fiskar på tradisjonelt vis, slik som opphavleg var formålet med å setta opp slike buer. Mange fiskevætn er i ferd med å bli overbefolka av fisk, sjølv om det ligg buer med båt ved vatna. Det bør bli slutt på kommersiell marknadsføring av fjellbuar.
- 6) Ein sommar for nokre år sidan hadde Trondhjem turistforening eit «ti på topp i Trøndelag» turopplegg, med ein app på mobilten der folk kunne registrere når dei var kome på eit av «toppmåla». Eitt av dei ti turmåla var toppen av Storskrymten. Dagen før reinsjakta begynte var det anslagsvis over 50 personar på toppen av Storskrymten i det gode sommarværet. Sjølsagt ein kjempefrott tur, som mange tok som dagstur joggande både frå Åmotdalen og Skamsdalen. Det bør vera eit system som gjer at ein unngår at slike turmål blir lagt til villreinområde. Ein bør også vera føre var når det gjeld effekten av flotte bilde med «instagram-effekt» i sosiale media osv. Brått kan veldig mykje folk ønske å gå ein heilt spesifikk plass på grunn av ein symbolverdi el.l.

Bottom line er vel at alle tiltak og endringar som kan føre til mindre merksemd og dermed mindre trafikk av menneske, er av det gode for villreinen og den sårbarer fjellnaturen.